



«MOTTAKERNAVN»

Dato: 28.03.2017

«ADRESSE»

Vår ref.: 2017/622-2

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar: eliwarr

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Informasjon om endring av ordninga "tilskot til vern og vøling av verneverdige bygg" til "tilskot til verna kulturminne i Hordaland"

I sak PS22/2017, 15.02.2017, vedtok Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune endring og ny innretning av tilskotsordning til vern og vøling av verneverdige bygg, jf. vedlagt saksframlegg.

Endringane vart gjort for å samordne dei offentlege tilskotsordningane på feltet, å stimulera kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Med desse endringane får kommunane fleire verkemiddel til å styrke lokalt kulturminnearbeid. Hovudendringa er at det no er kommunen som søker fylkeskommunen om midlar og ikkje einskilde eigar av kulturminne. Eigar av kulturminne søker gjennom kommunen. Hordaland fylkeskommune vonar at endringa i tilskotsordninga får fleire kommunar til å setja av eigen midlar til verna kulturminne.

### Norsk kulturminnefond

Norsk kulturminnefond vart oppretta av Stortinget i 2002 og er plassert som ei eiga verksemd under Klima- og miljødepartementet. Kulturminnefondet sine tilskot er retta inn mot einskilde eigarar og lokale kulturminne, og ordninga har i stor grad hatt same målgruppe som den regionale ordninga «Vern og vøling». I 2016 tildelte fondet til saman kr 4 115 500 til 38 ulike tiltak i Hordaland. Eigarar av kulturminne kan framleis søke Kulturminnefondet.

### Frå «tilskot til vern og vøling av verneverdige bygg» til «tilskot til verna kulturminne i Hordaland»

Fylkeskommunen fordeler kvart år regionale midlar til restaurering av kulturminne. «Vern og vøling» har vore Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning for kulturminne som ikkje er freda etter kulturminnelova. I 2016 vart det tildelt til saman kr 973 000 til 38 ulike tiltak i Hordaland. Vedlagte excel ark viser tildelingane frå vern og vøling i perioden 2005-2016.

Det nye tilskotsordninga legg til rette for at kommunane kan søkje om inntil 50% tilskot frå fylkeskommunen til vernetiltak til bygg og anlegg som har eit formelt vern i arealplan eller er prioriterte av kommunen i kulturminneplan. Kommunar som har etablert eigne tilskotsordningar for kulturminnetiltak vert prioritert og vil kunne få midlar i same storleik som det kommunane sjølv sett av, så langt avsette regionale midlar strekk til. Dersom kommunen har eigedomsskatt vil det tella positivt om kommunen gjev fritak frå eigedomsskatt for bygningar med historisk verde.

Ei anna endring i tilskotsordninga er at kommunane ikkje kan søkje om midlar til kommunalt eigde kulturminne, berre til kulturminne i privat eige. Dette er i tråd med ei overordna prinsipp at kommunane, fylkeskommunane og staten har eit sjølvstendig ansvar for å forvalte eigne kulturminne.

Retningsliner for det nye tilskotsordninga er lagt ved og er digitalt tilgjengeleg på <http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>. Vi ber kommunane legge til rette slik at eigarar av verna kulturminne kan søkje midlar gjennom kommunen. Frist for kommunane til å søke fylkeskommunen for midlar er 1. januar. Kommunane bør sette eigen frist for søknad frå private eigarar (t.d. 1. november), slik at det er god tid til å handsama søknadene. Vårt mål er å få saka til handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling i fylkeskommunen i februar.

Vi vil gjerne ha tilbakemelding om kommunen har tilskotsordningar som dekker kulturminnefeltet og kor mykje som vert tildelt årleg.

Tar gjerne kontakt dersom du har kommentar og spørsmål om den nye ordninga.

Vi planlegg ei samling om ulike tilskotsordningar for kulturminne her på Fylkeshuset, **onsdag 7. juni 2017**.  
Påmelding til [eliwarr@hfk.no](mailto:eliwarr@hfk.no)

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Retningsliner for tilskot til verna kulturminne i Hordaland, februar 2017
- 2 Oversikt over tildelinga vern og vøl 2005 til 2016
- 3 Saksframlegg PS22\_2017, 15022017